LONGYEARBYEN
LOKALSTYRE

CAMP Svalbard

Alle foto: Dag Arne Husdal

Rapport Camp Svalbard 2017

Longyearbyen lokalstyre
Postboks 350
9171 Longyearbyen
Besøksadr.: Næringsbygget
E-post: postmottak@lokalstyre.no
Telefon: 79 02 21 50
Telefaks: 79 02 21 51
Bank: 4750.15.73333
Org.nr.: 984 047 851
www.lokalstyre.no

Innleiing

Camp Svalbard 2017 vart arrangert i Trygghamna 1.-3.september. Det var 34 jenter og 29 gutar, totalt 63 ungdommar i alderen 13-18 år som deltok. Hovudmålet til Camp Svalbard er at ungdom busett på Svalbard skal oppleve glede og mestring i naturen, under trygge forhold og med kompetente instruktørar. Det er i år niande året på rad campen blir arrangert.

Camp Svalbard måtte dessverre avsluttast tidlegare enn planlagt, då det i løpet av helga kom OBS- varsel på store nedbørsmengder i området vi oppheldt oss i. Dette gjorde at programmet vart noko amputert, og heimreisa starta seint laurdag kveld, i staden for søndag kveld. Store nedbørsmengder frå vi kom, til vi reiste gav også ein del utfordringar med gjennomføringa av det planlade programmet.

Forarbeid

Informasjon om campen vart sendt ut til målgruppa gjennom skulen, på ungdomsklubben og gjennom facebook- sidene til Ung i Longyearbyen. Informasjon til nye familiar gikk via skulen og Infotorget og påmeldinga til campen starta før sommarferien.

Arbeid med å samle saman ressursar, både menneskelege og materielle, starta på vårparten, og heldt på heilt fram til campstart. Denne fasen var i år noko utfordrande, då Ungdomsvirksomheten hadde mangel på personell pga. etterutdanning på personell, samt påvente på nytilsett klubbleiar.

Nytt i år var eit samarbeid med studentar frå Arktisk Naturguide- studiet. Studentane hjalp oss med å rigge leir i Trygghamna, og deltok som frivillige. Samtidig som dei brukte leiren til sitt brekurs veka før campen starta. Dette var eit vellukka samarbeid som vi håpar på å fortsette med framover. Sikkerhetstkurs (våpen- trening) med informasjonsmøte og introduksjon til førstehjelp vart gjennomført for alle frivillige onsdag før camphelga.

Logistikk

Eit av delmåla til Camp Svalbard er å «*gi et lavterskeltilbud i forhold til krav til utstyr, kostnader og ferdighetsnivå hos den enkelte deltaker*». Det meste av ustyret som blir brukt for å arrangere Camp Svalbard, vert lånt av ulike foreiningar/lag eller institusjonar i Longyearbyen. Dette har ein stor økonomisk fordel, men det krev mykje logistikkarbeid i forkant og etterkant av arrangementet.

Ungdommane, dei frivillige og utstyret som ikkje vart sendt ut med ANG- studentane før campen, vart transportert til Trygghamna med MS Billefjord.

Både ungdommar og vaksne overnatta i telt. Samlingspunktet for campen er eit stort messetelt. Andre telt vart også sett opp: telt til isbjørnvaktene/medisinsk ansvarleg, sikkerhetsansvarleg samt tre dotelt vart sett opp i strandsona.

Sikkerhet

Ein person hadde det overordna ansvaret for sikkerheten i campen. Dette vert sett på som ei svært viktig rolle, då sikkerheita skal prioriterast først. Det var med 8 isbjørnvakter som gikk på rullerande vakt i camp, i tillegg var det isbjørnvakter på alle aktivitetane. Det var også med tre hundar, som fungerte som vakt. Brannsløkkingsapparat og branntepper vart plassert i hovudteltet.

Det vart teikna ei skade-/uføreforsikring på deltakarane knytt til Camp Svalbard. Det var ingen alvorlege personskader under årets Camp Svalbard

Mat

Måltidet er ein viktig del når ein er ute og i aktivitet heile dagen, og det vert lagt vekt på at maten skal vere sunn, næringsrik og god. Det var to matansvarlege på campen. Det vart servert havregraut og brødmat til frukost, brødmat til niste og eit varmt måltid til middag. Frukt og grønsaker vart servert gjennom helga.

Program

Eitt av hovudmåla til Camp Svalbard er: «*Camp Svalbard skal være et annerledes og rusfritt møtested hvor det er tilrettelagt for glede og mestringsopplevelser i naturen under trygge forhold.*» Det vart lagt opp til eit program med mest mogeleg varierte aktivitetar, leia av instruktørar og gruppeleiarar. Ein anna viktig del av Camp Svalbard er målet om at frivillige lag og foreiningar skal vere tette samarbeidspartnarar, slik at dei kan få moglegheita for å synleggjere eigne aktivitetar.

Aktivitetane som var planlagt til camphelga var introkurs i kajakk med Svalbard Seilforening, salongrifleskyting og fiske med Longyearbyen Jeger og Fisk hadde, brevandring med studentar ved Arktisk Naturguide samt egentur som dei ulike ungdomsgruppene skulle planlegge og gjennomføre sjølve. Det vart også lagt opp til at dei som ville kunne bade (dei 20 første som bada fikk utdelt eit Camp Svalbard handkle). Laurdag føremiddag kom Sysselmannen og redningstjenesten på besøk, og gjennomførte heising med 4 ungdommar som vart plukka ut til dette.

I tillegg til det oppsette programmet, er ein viktig del av det å vere på friluftslivcamp å bli kjent med kvarandre, å dele telt med fleire og anna leik og moro.

Frivillige vaksne

Dei frivillige vaksne som er med på Camp Svalbard er heilt essensielle for at helga vert vellukka. Det vert aktivt jobba med å få tak i dyktige vaksne som er flinke i sine roller i campen, samtidig som dei kan vere gode rollemodellar for ungdomsgruppa.

Det var totalt 38 vaksne som deltok på campen, der 34 av desse var frivillige. Rollefordelinga var som følger: 3stk i styregruppa (campkoordinator, utstyr/logistikkansvarleg og sikkerhetsansvarleg), 1 stk. ansvar for ANG- studentane, 9stk. gruppeleiarar, 2stk. matansvarlege, 1stk. medisins ansvarleg, 8stk. isbjørnvakter, 14stk. instruktørar frå lag/foreiningar/studentar.

Konklusjon

Camp Svalbard 2017 vart eit arrangement litt utanom det vanlige, i og med at vi måtte avslutte tidligare enn planlagt. Sjølv om det vart ei amputert camphelg der mange av aktivitetane utgjekk, og ein måtte endre mykje av den planlagde logistikken og det oppsette programmet.

Dei negative tilbakemeldingane frå ungdommane gikk på at dei synst det var veldig vått og mykje regn, og at det var dumt at campen måtte avsluttast tidligare. Dei aktivitetane som vart gjennomført, fikk gode tilbakemeldingar frå ungdommane. 37 av dei 57 som svarte på evalueringa kunne tenke seg å vere med på Camp Svalbard 2018.

Sponsorar og samarbeidspartnarar 2017:

*Arktisk Naturguide- studenter *Henningsen Transport og Guiding *Korkpengestøtten *Longyearbyen Jeger- og Fiskerforening *Longyearbyen fotoklubb *Lufttransport *Norsk Polarinstitutt *Pole Position Logistics *Sysselmannen på Svalbard og redningstjenesten *Hurtigruten Svalbard *Svalbard Seilforening *Svalbard Snøscooterutleie *Svalbard Bygg AS * UNIS *Longyearbyen lokalstyre v/ Polarflokken barnehage og svalbardhallen* Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps*

Tilbakemeldingar frå deltakarane:

«*Brevandring er kult!*»
«Fint at man er ute»
«Tøft arrangement»
«Veldig sosialt»
«Kajakk er morsomt»
"I år var det regn -
man lærer mye om å passe på ting
å oppleve å være våt og kald"